

Årsmelding for 2025, Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms

Lokallaget har 333 medlemmer per 31.12.2025, 49 fleire enn ved sist årsskifte. Styret vart valt på årsmøtet 19.02.2025: Inger Pauline Landsem, Torstein Arntsen, Ildri Olaisen, Toril Jenssen, Synnøve des Bouvrie. Styreleiar: Ingunn Elstad. Vara: Grete Mathiesen, Unni Kjellman. Valkomite: Vigdis Nordahl, Astrid Berit Kvalvåg. To styremedlemmer deltok på BKA sitt landsmøte 26. og 27. april.

Styret har hatt regelmessige møte. Annankvar torsdag har vi open Klimakafe på Heracleum i Tromsø, med ulike tema. Klimakafeen har hatt lesesirkel om heftet «Vekstens pris». I juni var vi i fjæra der medlemmer delte kunnskap om matvekstar. Laget har også ei aktiv jernbanegruppe for Nord-Noregbanen. Vi har verva medlemmer ved mange byvandringar med plakativestiar og brosjyrer, og presentert BKA hos Tromsø Pensjonistforening, og i Vigør. Medlemmer av laget har skrive, eller vore med å skrive, 17 avisinnlegg.

Lokallaget er no registrert i Brønnøysund, og har fått grasrotmidlar frå Norsk Tipping. Vi har eigen brosjyre med informasjon om medlemskap, om laget og aktuelle saker. Vi har sendt høyringsinnspel til kommunen og fylket sine klima- og miljøplanar.

BKA sine arrangement i 2025:

Markering ved forskningskonferansen Arctic Frontiers, Tromsø 27.-29. 01. Konferansen som la vekt på klimaforskning, var sponsa av Equinor, og olje- og gassutvinninga i nord var ikkje tema. Besteforeldrene etterlyste «elefanten i rommet».

Ope møte i Tromsø om sivil ulydnad

19.02.2026. Innsiktsfulle innleiingar ved kampanjesekretær i Natur og Ungdom for Nord-Noreg Rebecka Ekeland, og jurist Kristin Solberg. Fin diskusjon. Vedtaksforslag om sivil ulydnad vart vedtatt på BKA s landsmøte 26. april med mindre endringar.

På initiativ frå BKA deltok ti miljø- og samiske organisasjonar i markeringa «Stans elektrifiseringa av Melkøya!», Tromsø 03.05.

Nær hundre deltakarar, samiske og norske bidrag, poengterte appellar, dyktige musistarar, spontant innslag av slampoesi og to ungdomsappellar.

<https://www.besteforeldreaksjonen.no/2025/05/melkoyaprotest-i-nord/>

BKA kunne **ikkje delta** på Bakgårdsmarkedet i Harstad i 2025, fordi Equinor er blitt «gullsponsor» av festivalen. Vi forklarte standpunktet i Harstad Tidende.

BKA arrangerte valmøte i Tromsø: «Verden trenger klimahandling» 28.08. Videoinnlegg om klimafinansiering frå Kirkens Nødhjelp, innleiingar frå **SV, Venstre, Rødt og MDG. Det var paneldebatt og musikk.**

23.10 hadde vi for første gong **ope møte i Harstad**, med orientering om Besteforeldreaksjonen i Troms. Vi var ikkje mange, men fekk ein engasjert diskusjon med gode idear, og fin musikk.

17.11 hadde BKA ope møte i Tromsø:

«Klimatoppmøtet 2025: Hva står på spill?» Førsteamanuensis i økologi André Frainer hadde eit lærerikt føredrag om COP 30 og utviklinga i Brasil. Det var brasiliansk musikk ved Marit Sandvik og Øystein Norvoll, og diskusjon med gode innspel.

Andre arrangement:

NAM- Nei til atomdrivne militærfartøy hadde ope møte 20.02 i Tromsø om risikoen med atomubåthamna på Tønsnes. BKA var medarrangør. Vi var med på **Fredsinitiativet** si markering av Hiroshima-dagen 06.08 i Tromsø, deltok i **Fredsuka** i Tromsø 20.09. til 27.09, og i FN's dag mot miljøødeleggingar i krig og væpna konflikhtar 6.10. For første gong har medlemmer av vårt lokallag delatt på den årlege **Arendalsuka**.

NU og Tromssa Nuoreh markerte Sametingets søksmål mot regjeringas Melkøya-vedtak 15.05. BKA var medarrangør og heldt appell.

21. juni deltok BKA-medlemmer på Hilde Sagland si årlege **jernbanemarkering på Olsborg**.

Jernbanegruppa har også hatt kakesalg på biblioteket i Tromsø.

30.08 var vi på **valgaksjonen «Stå opp for klima!»** i Tromsø med mange organisasjonar. Vi har støtta **Repparfjordaksjonen** i avisinnlegg og sørga for at medlemmene våre har fått informasjon for å kunne delta i aksjonen.

Vi samarbeider med **bærekraftsenteret Rebell** i Tromsø, der vi har hatt lørdagskafe med informasjon om BKA. 28. oktober heldt ei gruppe i BKA kurs på rebell i gjenbruk og redesign av tekstilar.